

# 1 U1 Forsvar og beredskap i nord

2 *Forslagsstiller: Bjarne Rohde*

3 Noreg er framleis tent med lågspenning i nord. Men vi som småstat er også avhengig av at  
4 stormakter ikkje skal kunne ta seg til rette med makt, og må følgje internasjonale reglar.  
5 Russland må avslutte den ulovlege angrepskrigen på Ukraina.

6 Troms er eit av landets viktigaste forsvarsfylke. Vi må basere forsvaret av Nord-Noreg på  
7 norske soldatar, og ikkje ha fast stasjonerte allierte styrkar på norsk jord i fredstid. Norsk  
8 forsvarsevne må vera sterk og truverdig. Hærens tyngdepunkt i Troms utgjer ikkje ein  
9 offensiv trussel mot Russland, og derfor vil plasseringa av styrkane bidra til lågare spenning.

10 I tillegg til tradisjonell forsvarsmessig beredskap, må vi også sjå behovet for beredskap i  
11 andre samanhengar, enten det er aukande ekstremvêr grunna klimaendringar, eller andre  
12 krisesituasjonar. Her har det desentraliserte Heimevernet ein viktig rolle i krisesituasjonar.  
13 Samtidig må heile befolkninga settast i stand til å bidra til beredskap. Eit vernepliktsbasert  
14 folkeforsvar gjer samfunnet meir robust, og sikrar samtidig at ein større del av medlemmane i  
15 samfunnet kan ta del i den opne forsvars- og sikkerheitsdebatten. Opplæring i beredskap  
16 kan for eksempel skje gjennom ein utvida sesjon til førstegongsteneste, der alle får  
17 opplæring i førstehjelp, beredskap og tryggleik.

18 Kystvakta og redningstenesten er ein viktig del av fredstidsarbeidet til Forsvaret i Nord.  
19 Kystvakta må framleis operere ut frå Nord-Norske hamner, og heile Forsvaret må kunne  
20 bruke nasjonale og regionale verft og leverandørar for å sikre framtidig beredskap.

21 Troms SV vil:

- 22 • At forsvaret framleis skal basere seg på verneplikt og førstegongsteneste, og tilby alle  
23 innbyggjarar grunnleggande opplæring i førstehjelp, beredskap og tryggleik, for  
24 eksempel som del av sesjon til førstegongsteneste.
- 25 • At vi skal ha eit sterkt nasjonalt landforsvar med Hæren og Heimevernet, der Hærens  
26 tyngdepunkt framleis skal ligge i indre Troms. Allierte styrker skal ikkje stasjoneras  
27 fast på norsk jord i fredstid.
- 28 • Sikre Kystvakta i Nord.
- 29 • At regionale aktørar skal kunne levere tenester til Forsvaret. Norske militære fartøy  
30 må byggast i Noreg.

31